

Til
Elevar på VG1 RM og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll

Vår dato: 09.07.19

Velkomen til skoleåret 2019 - 2020 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å få ønskje deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Vi vil legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

Oppmøte:

Skoleåret startar måndag den 19.august kl 1000. Oppmøte i Borgundhallen. Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#)
-> lenke høgre marg.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

Læremiddel- og utstyrslistene finn du [her](#).

PC - Du har fått ein sms med lenke til val mellom bestilling av pc/pc-stipend. Viss du ikkje har svart på denne, går du inn på denne [lenka](#) Dersom du har valt å kjøpe bærbar PC sjølv, må denne vere klar til skolestart.

På Restaurant og matfag har elevrådet bestemt at ein skal ha felles ordning med leige og vask av kokkeuniformer for alle. Firmaet som skal levere kokkeuniformene, vil vere på skolen ein av dei første skoledagane. Prisen på leige og vask av kokkeuniformene, vil vere 3000,- kr pr år. NB: Hugs å søkje utstyrsstipend frå Statens lånekasse! Når det gjeld uniform og utstyr for dei andre fordjupingsområda, vil du få informasjon ved skolestart. Det du må ha på plass første skoledag, er kokkesko – dei skal vere sklisikre, kvite eller svarte "tresko" med kunstsåle og tett tå.

Råvarer som går med til privat bruk og til mat de sjølve et, vert fakturert i november og april.

Har du rett på skoleskyss? Sjå meir og søk her:

<http://mrfylke.no/Tenestemraade/Utdanning/Elev/Skoleskyss>.

Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!

Velkomen til fagutdanning for framtida!

Med vennleg helsing
Jessie Strand Fagervoll
rektor
sign